



Den nye dirigenten for Uskedalen skulemusikk "bles inn" den nye sesongen med kornetten sin. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedal skulemusikk hadde ein flott start på sesongen i førre veka. Tirsdag var første øvingsdag, og det første møtet med nydirigenten, Liv Signe Bleie Ulvestadbakken. Dei aller fleste musikantane frå fjorårssesongen var på plass.

I tillegg er Karoline Isdal Amundsen, Bente Halvorsen og Lars Andre Sæbø, alle på kornett, i gong med sin første sesong i korpset. Stemninga var god, og kontakten med nye-dirigenten på plass, så det teiknar til å verta mange fine øvingskveldar utover i sesongen.

Lørdag var sett av til sosial samling med putball og grilling i Rosendal Putballpark. For dei fleste var putball ein ny aktivitet. Her kunne alle delta på om lag same nivå i den svært så uformelle konkurransen der det viktigaste var å ha det gøy. Foreldre og musikantar kunne delta i same klasse, og i dei fleste tilfelle var det den yngre garde som kom best utav det. Humøret og stemninga var god. Ei vellukka stund, der det flotte veret viste seg som ein solid støttespelar!

Helga 22.-24.september skal korpset delta i Karmøy Brass Festival. Det er ei storsamling med korpsmusikantar frå Sunnhordland og Rogaland. Denne festivalen har opparbeidd eit svært godt rykte. Dette har spreidd seg og har i år resultert i ei solid rekorddeltaking. Om lag 500 musikarar frå 23 ulike korps er med. Hovudvekta vert lagt på øving med 15-20 av dei beste instruktørane/dirigentane i distriktet m.a. NM-dirigenten vår dei to siste åra, Øyvind Nikolaisen. Det vert og eige opplegg for slagverkarar.

Det vert sjølv sagt og sett av godt med tid til sosiale aktivitetar når så mykje korpsungdom samlast. Det vert diskotek og spel, Idol, bading i Karmøyhallen, festkonsert med Stangaland Brass lørdag m.m. Festivalen vert avslutta med storkonsert søndag ettermiddag. Noko å sjå fram til!!!

Av Thor Inge Døssland